



KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato: **23. mai 2017**

Stad: Meland kommunehus – Formannskapssalen

Kl.: 08.30 – 11.30

Tilstade: Kåre Skibenes (leiar), Anne Marie Skurtveit (medlem), Morten Klemmentsen (medlem), Rikke Slåtten Nordal (medlem), Aslaug Aalen (medlem) og Dag Erik Hagesæter (vara for Øyvind Bratshaug), Birgit Pil – vara for Lars Barstad

Innkalla: Konstituert rådmann Kari Anne Iversen og leiar for barnevernstenesta i Meland Kjell Ølnes, Reidun Elin Johannessen – skulekontoret, Randi Hilland – stab.

Revisjon: Reidar Bjørsvik og Randi Rykkje

Sekretær: Bent Gunnar Næss

Forfall: Øyvind Bratshaug (medlem) og Lars Barstad (nestleiar)

20/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

21/17 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Saksvedlegg: Møteutskrift frå møtet 25.04.2017

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå 25.04.2017 vart godkjent.

22/17 Skriv og meldingar

Det var ingen skriv eller meldingar.

23/17 Forvaltningsrevisjonsrapport av barnevernstenesta

Saksvedlegg: «Internkontroll og oppfølging av barn i fosterheim. Meland kommune 2016», Nordhordland Revisjon IKS

Representanten Birgit Pil opplyste om at hun var fosterforeldre i Meland kommune og tok opp spørsmålet om hun var habil i saka. Utvalet drøfta spørsmålet. Utvalet kom fram til at representanten var innhabil etter forvaltningsloven § 6 annet ledd - andre særegne forhold.

Kontrollutvalet bestilte i sak 29/16 forvaltningsrevisjonsprosjektet «Internkontroll og oppfølging av barn i fosterheim. Meland kommune 2016». Problemstillinga som rapporter søker svara på, er: «Har barnevernstenesta skriftelege rutinar som ivaretake kommunen sine plikter for oppfølging av barn i fosterheim, og er rutinane eigna til å sikra kvaliteten i tenestene?».

På grunnlag av konklusjonen har revisjonen følgjande tilrådingar til Meland barnevernsteneste:

- Barnevernstenesta bør utarbeide ein skriftleg rutine for å utarbeida omsorgsplanar, der det er skildra kva omsorgsplanen skal innehalda, formålet med den og prosedyren som skal ivareta oppgåva og sikra kvalitet i omsorgsplanane.
- Barnevernstenesta bør sikra at gjeldande praksis for å ivareta oppgåver knytt til fosterheims- og forsterkingsavtalar er skildra i ein skriftleg rutine, der formålet og prosedyren som skal ivareta oppgåvene går fram.
- Barnevernstenesta bør utarbeida ein skriftleg rutine som skildrar prosedyre for eit minimumskrav til oppfølging av alle fosterheimar, og som legg til rette for ei individuelt tilpassa oppfølging av fosterheimar.
- Barnevernstenesta bør utarbeida ein skriftleg rutine som skildrar prosedyren for å føra kontroll med mottak av tilsynsrapportar og for å følgja opp innhaldet i rapportane.
- Barnevernstenesta bør utarbeida ein skriftleg rutine for å utarbeida individuelle planar der formålet med planen, og prosedyre for å utarbeida og ivareta formålet går fram.
- Barnevernstenesta bør utarbeida eit avvikssystem, og sikra at det går fram av skriftlege rutinar korleis avvik skal registrerast, rapporterast og følgjast opp.

Revisjonen møtte i saka for å legge fram rapporten. Konstituert rådmann Kari Anne Iversen og leiar for barnevernstenesta i Meland Kjell Ølnes møtte i saka for å orientere om kommunen sin plan for oppfølging av tilrådingane i rapporten. Administrasjonen synes rapporten var eit nyttig verktøy til å forbetra tenestene og hadde nokre kommentarar til rapporten.

Kontrollutvalet stilte spørsmål til revisjonen og administrasjon. Administrasjon hadde ingen merknad til dei tilrådingane som var lagt fram av revisjonen.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ser det som viktig at rapporten sine tilrådingar vert følgt opp av rådmann. Kontrollutvalet ønsker å følgje opp forvaltningsrevisjonsrapporten og status for administrasjon sitt arbeid med tilrådingane på møtet i kontrollutvalet på møtet i kontrollutvalet 16. november 2017.

Forslag til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret ser det som viktig at rapporten sine tilrådingar vert følgt opp av rådmann. Kommunestyret ser det som viktig at kontrollutvalet føl opp rapporten.

24/17 Orientering om klagegangen i kommunen

Dersom ein som innbyggjar meiner forvaltinga har gjort ein feil eller ein urett, har ein ulike moglegheiter til å klage, alt etter kva klaga gjeldt. Etter forvaltningslova § 28 er det høve til å klage på alle enkeltvedtak, og klageinstansen vil då vere anten Fylkesmannen eller den kommunale klagenemnda. Klageordninga skal alltid bli opplyst om i vedtaksbrevet ved enkeltvedtak. Det er gjerne ulike system og rutinar for oppfølging av klagar innan dei ulike tenesteområda i kommunen.

Konstituert rådmann Kari Anne Iversen møtte i saka for å orientere.

Dett er eit lovregulert tema etter forvaltningslov og særlov. Det er særskilt enkeltvedtak etter § 28 forvaltningsloven som gir klageadgang.

To sporet klageadgang er hovudregelen:

- Særlovsklage – førsteinstans vurderer klagen – dersom den ikkje tas til følgje går det til Fylkesmannen
- «Annen» klage – førsteinstans vurder klagen – dersom den ikkje tas til følgje går det til formannskapet som er den kommunale klagenemnda i kommunen

Den kommunale klagenemnda hadde ingen klager i 2016 til handsaming.

Det vart delt ut ein oversikt over omfanget av klagesakene som har vore i 2016 som gjeld særlovsaker.

Det vart stilt spørsmål om kor mange som fikk medhald i klagesaker. Det hadde ikkje administrasjon nokon oversikt på.

Alle enkeltvedtak skal opplyse om klageadgang og det skal leggast ved eit klageskjema.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

25/17 Orientering om spesialundervisning

Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning er høgare i Meland kommune enn landssnittet. I 2016 var det 11,4 % elevar som fekk spesialundervisning i Meland kommune, medan det i Hordaland låg på 7,2% og 7,8% på landsnittet (jf., KOSTRA-tal, ssb.no).

Konstituert rådmann Kari Anne Iversen og Reidun Elin Johannessen møtte i saka for å orientere om arbeidet med spesialundervisning og rutinane som gjeld for området. Rådmann har satt i gong eit prosjekt (2016 – 2018) «Tidleg innsats og identifisering» Målet med prosjektet er å styrke ordinær opplæring og redusere andel med vedtak på spesialundervisning.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

26/17 Orientering om møteportalen

Alle medlemmer i kontrollutvalet skal ha tilgang til Acos møteportal. Denne er lenka til under fanen Politikk på kommunen sine heimesider. Får å logge seg på må ein ha fått brukertilgang og ha BankID, MinID eller liknande. **Der får ein tilgang til dei utvala som ein er medlem i.**

Randi Hilland frå administrasjon viste korleis medlemmen kan finne alle saksdokument **til alle utval** på heimesida til kommunen – under fanen politikk og

møteplan. Medlemmene var samde om at ein der fekk tilgang til dei dokumenta som ein treng. Det er difor ikkje behov for at ein få ein utvida tilgang på Acos møteportal.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

27/17 Innstilling til revisor for fellesnemnda

Saksvedlegg: Førebuande fellesnemnd sak 020/17, «Kommunereform - sjekkliste for revisor, kontrollutvalg og sekretariat», NKRF

Arbeidet i fellesnemnda skal på lik linje med anna kommunal verksemd reviderast. 22. juni vert det heldt eit §25 møte, eit felles møte mellom kommunestyra og fylkesmannen. Ei av sakene i dette møtet er val av revisor for arbeidet til fellesnemnda. Førebuande fellesnemnd i Lindås, Meland og Radøy har i sak 020/17 sendt førespurnad til kontrollutvala i desse kommunane om å komme med innstilling til revisor for fellesnemnda sitt arbeide.

Vedtaket lyder:

1. Førebuande fellesnemnd ber Kontrollutvala i dei tre kommunane om å innstilla til revisor for arbeidet til Fellesnemnda i tråd med inndelingslovens §25
2. Det bes om at innstillinga er klar i god til før gjennomføring av §25-møtet med fylkesmannen.

I saksutgreiinga til førebuande fellesnemnd er det peika på at det i vurderinga av val av revisor også skal vurderas omfanget av arbeidet til revisor. Kostnaden til revisjon av Fellesnemnda sitt arbeid vert finansiert frå eingongsstøtta som vert utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Kommunar som slår seg saman får dekka eingongskostnadene etter ein standardisert modell, og beløpet ein bereknar for 3 kommunar med 20 – 49 999 innbyggjarar er 35 900 000 kr, jf. modell for dekning av eingongskostnadene i reformperioden (<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/Hvorfor-kommunereform/Ovriga-tiltak/id759720/>). Dette beløpet skal i praksis dekke dei utgiftene fellesnemnda får dei neste åra fram til samanslåinga 01.01.2020. I samanlikning tilsvrar dette ca. 2,7% av driftsinntektene som Lindås kommune hadde i 2016, og tyder på at det vert eit relativt lite omfangsrikt årsrekneskap å revidere. Det er signalisert at aktiviteten til fellesnemnda kan bli organisert som eit prosjekt med arkiv og rekneskapsførande ansvar hos ein av dei tre kommunane.

I «Kommunereform – sjekkliste for revisor, kontrollutvalg og sekretariat» utarbeida av NKRF, står det følgjande: «Normalt føres fellesnemndas regnskap av en av de berørte kommunene. Den praktiske løsningen vil da være at regnskapsførende kommunenes revisor også velges som revisor for fellesnemnda.»

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet innstiller med dette til revisor for fellesnemnda sitt arbeide:

Kontrollutvalet har gjort ei heilheitleg vurdering av omfanget av det forventa arbeidet til revisor, slik det kjem fram i saksutgreiinga tilhørande saka.

Kontrollutvalet vil særleg peike på at denne innstillinga ikkje skal leggje føringar for seinare innstillingar som gjeldt revisorordning eller revisor for den nye kommunen.

Kontrollutvalet vil på dette grunnlaget innstille til at revisor for fellesnemnda sitt arbeide for tidsrommet 2017 – 2019 følgjer den praktiske løysinga NKRF har anbefalt, slik at det vert den rekneskapsførande kommunen sin revisor som vert vald som revisor for fellesnemnda.

28/17 Møteplan for kontrollutvalet

Kontrollutvalet gjennomgjekk utkast til oppdatert møteplan for kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtok oppdatert møteplan med desse datoane for hausten 2017:

- 21. september – kl 08.30
- 16. november – kl 08.30

29/17 Gjennomgang av møtebøker frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval.

Kontrollutvalet ønskjer å få desse tilsendt på e-post frå kommunen, og har fordelt gjennomgang av møtebøker mellom medlemmene:

UDU: Aslaug Aalen, Øyvind Bratshaug

ULK: Anne Marie Skurtveit, Rikke Nordal, Morten Klemmentsen

FM/KS: Lars Barstad, Kåre Skibenes

30/17 Eventuelt

Neste møte i kontrollutvalet er 21. september.

Saker til neste møte:

- Føl opp dei sakene som står på møteplan

Frekhaug, tysdag 23. mai 2017

Kåre Skibenes /leiar



Bent Gunnar Næss/sekretær